

Frekhaug 14.04.2015

Søknad om dispensasjon frå prøvetaking


VA-anlegget på Eikeland vart ferdigstilt vinteren 2014/2015. Anlegget består av reinsing med slamavskiljar og utslepp til sjø. På bakgrunn av størrelsen på anlegget er det bygd etter kapittel 13 (Krav til utslipp av kommunalt avløpsvann fra mindre tettbebyggelser) i forurensingsforskriften. Kapittel 13 omhandlar dei utsleppa som er mellom 50 og 10 000 pe og går til sjø.

Slamavskiljaren er ein 28m³ typegodkjent plasttank med 3 kammer. Den er berekna til 200pe. Slamavskiljaren er tilpassa prøvetaking ved at det er bygd prøvetakingskummer før innløp og etter utløp, se vedlagt teikning. S1 og S2 er prøvetakingskummer. Foreløpig er berre 9 hus knytt til anlegget. Det fungerer dermed i praksis som eit §12 anlegg, dvs eit anlegg som har under 50 pe og dermed er unntatt prøvetaking i forskrifta.

Kommunen vil innan 3 år gje pålegg om at alle innanfor ein viss avstand til anlegget må knyte seg på. Først da vil anlegget med sikkerheit ligge innanfor krava i kapittel 13.

På bakgrunn av overnevnte søker Meland kommune om å få utsatt prøvetakinga til dei som har fått pålegg er tilknytt.

Stad og dato:



Nils Marton Aadland
Ordfører